



Vaksdal kommune

## TILLEGGSSINNKALLING FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

**Møtedato:** 26.04.2022  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 11:30 - 15:30

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [Møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

### Orienteringar

Fast orientering frå ordførar, varaordførar og kommunedirektør

### SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
47/2022	INNSTILLING TIL ENDRING AV MINSTEAREAL FOR JAKT PÅ HJORT I VAKSDAL KOMMUNE ETTER OFFENTLEG HØYRING

22. april 2022

Hege Eide Vik  
Ordførar



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
47/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	26.04.2022
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA-K40	22/73

### INNSTILLING TIL ENDRING AV MINSTEAREAL FOR JAKT PÅ HJORT I VAKSDAL KOMMUNE ETTER OFFENTLEG HØYRING

#### Vedlegg:

Hjorteforvaltning endring av minsteareal  
Høyringssvar fra Eksingedalen og Vaksdal bondelag  
Høyringssvar framlegg til ny forskrift om endring av minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommune  
Innspel ved høyring på endring av minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommune  
Uttale til høyring av minstearealet på hjort i Storefjell Bestandsplanområde  
Høyringsuttale til framlegg om endra minsteareal - Kvamme hjortevald  
Uttale til høyring om minsteareal for jakt på hjort - Evanger vest hjortevald  
Uttale til høyring om minsteareal for jakt på hjort - Faugstad hjortevald  
Uttale til høyring om minsteareal for jakt på hjort - Bolstadfjorden hjortevald

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i ”Forskrift om forvaltning av hjortevilt” § 6, jf. § 1, vedtek kommunestyret ny forskrift om minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommunen etter offentleg høyring:

#### Endringsforskrift om jakt på hjort i Vaksdal kommune, Vestland

**Heimel:** Fastsett av Vaksdal kommunestyre 10. mai 2022 med heimel i [lov 29. mai 1981 nr. 38](#) om jakt og fangst av vilt (viltloven) [§ 16](#) og [forskrift 8. januar 2016 nr. 12](#) om forvaltning av hjortevilt [§ 6](#).

**§ 1** Det er opna for jakt på hjort i Vaksdal kommune, Vestland.

**§ 2** Minstearealet for godkjenning av vald og tildeling av fellingsløyve på hjort, er sett til følgjande:

- SONE 1: 400 daa for vald med teljande areal i Eksingedalen, på Eidslandet og i Sædalen.
- SONE 2: 600 daa for vald med teljande areal fra Rødberg til områda kring Vaksdal (ikkje Sædalen), Stanghelle/Dale, Bolstadfjorden og Stamnes, samt på Faugstad og i Brørvik.
- SONE 3: 750 daa for vald med teljande areal i Bergsdalen, på Vaksdal kommune sin del av Osterøy, utan Faugstad, og i Dalane/Mellesdalen. I tillegg inngår hjortevalda i Modalen

commune og Evanger Vest hjortevald og Evanger Sør hjortevald i Voss herad i sona, grunna medlemskap i Storfjellet bestandsplanområde og Vaksdal-Evanger bestandsplanområde, med Vaksdal som administrasjonskommune.

Oversyn for hjortevald med minsteareal går fram av sak 22/73 i kommunen sitt sakssystem

**§ 3** Forskrifta trer i kraft straks, og erstattar «Forskrift om jakt på hjort i Vaksdal kommune, Hordaland» av 06.04.17 (FOR-2017.04.03-442).

### **Saksopplysningar:**

#### **Samandrag/konklusjon (kort om saka)**

Vaksdal kommune har opna for jakt på hjort, med 1000 daa som gjeldande minsteareal (fastsett av kommunestyret den 06.04.17).

Kommunestyret har vedteke «Temaplan for hjorteforvaltning i Vaksdal kommune, med kommunale mål, 2019 -2023». Planen dannar grunnlag for kommunen si forvalting, og utgjer rammene for jaktrettshavarane si forvalting gjennom bestandsplanar.

Kommunen har som mål å stoppe bestandsveksten og å redusere hjortestamma, mellom anna for å minske skadepresset på innmark.

Erfaringar frå jakta og «Sett-hjort»-registreringar tydar på at hjortebestanden framleis er i vekst, og det vert rapportert om vesentlege skadar på graseng grunna bestandssituasjonen, spesielt i Eksingedalen og Sædalen.

For å nå målet om bestandsreduksjon er det naudsint å setje ned minsterarealet og å auke tildelinga av løyve. I dette høvet har formannskapet sendt framlegg til ny forskrift om minsteareal på offentleg høyring. Framlegget går inn for å redusere arealet frå 1000 til 650 daa i utsette område, og å vidareføre 1000 daa som minsteareal der situasjonen er meir stabil, sjå saksutgreiing.

Det kom inn 11 høyringssvar. Nærast alle innsenderar meiner at minstearealet i høyringsframlegget er sett for høgt i høve til måla om bestandsreduksjon og redusert skadepress. Det kom mellom anna innspel om å setje arealet ned til 250 daa i Eksingedalen, på Eidslandet og i Sædalen.

På bakgrunn av nye vurderingar og innkomne høyringssvar, går Kommunedirektøren inn for å setje ned minstearealet ytterlegare, og å innføre tre arealsoner: Sone 1; 400 daa, Sone 2; 600 daa, Sone 3; 750 daa. Dette gjev 192 fleire løyve enn i høyringsframleggert og 261 fleire enn ved dagens tildeling.

#### **Bakgrunn for saka**

Minstearealet for jakt på hjort dannar grunnlag for tildeling av hjorteløyve til godkjende hjortevald. Arealet i kommunen er i dag 1000 daa.

Bestanden av hjort har vore sterkt veksande i kommunen dei siste tiåra. I dette høvet har Vaksdal kommune mål om å drive ei forvalting som stoppar bestandsveksten og reduserer bestanden, mellom anna som følgje av høgt skadepress på graseng, med økonomiske tap for gardbrukarane.

Grunna målet om bestandsreduksjon har formannskapet gjort framlegg om å redusere minstearealet i delar av kommunen, gjennom ei offentleg høyring. Høyringa legg opp til bruk av to minsteareal etter følgjande inndeling:

- SONE 1: 650 daa for teljande areal i Vaksdal kommune, unntake areal i sone 2.
- SONE 2: 1000 daa for teljande hjorteareal på Vaksdal kommune sin del av Osterøy, unntake Faugstad, i Dalane og Mellesdalen og i Bergsdalen (Fosse -Rødland). Alle vald i Modalen, saman med Evanger Sør hjortevald og Evanger Vest hjortevald, er også inkludert i sona.

Høyringsfristen vart sett til 8. april 2022 (kunngjort i VP). Det kom inn 11 høyringssvar. Høyringssvara er samanfatta i det følgjande, og vert lagt ved saksutgreiinga i sin heilskap:

Innsendar	Innhald i uttalen
Mjølkebønder i Vaksdal kommune, v/ Magnar Nese (representerer 10 mjølkebruk)	Mjølkebøndene peikar på den sterke bestandsveksten og det høge skadepresser på innmark, med tap av avling og økonomi som følge av dette. Innsendar meiner det ikkje nyttar å redusere minstearealet «litt og litt» for å bøte på situasjonen. Då vil bestanden halde fram med å auke. <b><i>Det er difor naudsynt med eit krafttak, ved å setje minsteareal til 250 daa for alt teljande areal i bestandsplanområda.</i></b> Dette arealet vert nyitta i fleire kommunar som det er naturleg å samanlikne seg med. Arealet må gjelde heilt fram til bestandsstorleiken er i tråd med nasjonal målsetjing og kommunale mål.
Eksingedalen og Vaksdal bondelag	Bondelaget peikar på veksten i hjortebestanden dei siste tiåra, med skadane dette har ført til for jordbruket. Situasjonen for næringa er kritisk fleire stader, og bondelaget tek til orde for at bestandsstorleiken må tilbake til nivået ved år 2000. I dette høvet meiner laget at høyringsframlegget ikkje legg opp til eit tilstrekkeleg uttak, spesielt i utsette område, og går inn for følgjande tredeling av minstearealet: <ul style="list-style-type: none"> <li>· <b><i>SONE 1: 650 daa for teljande areal som ikkje er i sone 2 og 3.</i></b></li> <li>· <b><i>SONE 2: 250 daa for teljande areal i Eksingedalen og Sædalen.</i></b></li> <li>· <b><i>SONE 3: 1000 daa for teljande areal på Osterøy, utan Faugstad, i Dalene/Mellesdalen og i Bergsdalen.</i></b></li> </ul>
Vestland fylkeskommune	Fylkeskommunen peikar på at hjorteforvaltinga skal sikre bestandsstorleikar som ikkje gjev uakseptable skadar og ulemper for andre samfunnsinteresser, jf. hjorteviltforskrifta § 1. Her vert skadepress på graseng nemnd spesielt, med store beiteskadar og påfølgjande avlingstap, som særleg går ut over mjølkebøndene. Kommunen må i dette høve søkje løysingar som gjer det mogleg å drive lønsamt jordbruk. <b><i>Minstearealet i aktuelle jordbruksområde bør difor setjast noko lågare enn i høyringsframlegget (500-600 daa),</i></b> sjølv om det differensierte framlegget synes å vere ei god tilpassing, kombinert med aktiv bruk av fråviksregelen. Innsendar peikar særleg på dagens høge fellingsprosenten som argument for å setje ned minstearealet, saman med kommunen sitt mål om bestandsreduksjon. Utviklinga tydar derimot på bestandsvekst, med behov for å gjere grep.

Storfjellet bestandsplanområde	<p>Etter vedtak på årsmøtet gjer Storfjellet bestandsplanområde framlegg om å redusere minstearealet meir enn i høyningsframlegget, og å dele planområdet inn i tre soner:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>· <b>Eksingedalen med Eidslandet: 250 daa/løyve.</b></li> <li>· <b>Stamnes, Bolstadfjorden og Evanger Vest: 500 daa/løyve.</b></li> <li>· <b>Valda i Modalen: 700 daa/løyve.</b></li> </ul>
Eksingedalen hjortevald	<p>Grunngjevinga for den kraftige reduksjonen i Eksingedalen og på Eidslandet, byggjer på mykje hjort og stort skadepress, som krev eit krafttak. Elles er omsynet til skrantesjuke teke inn som generelt argument for å redusere minstearealet i planområdet, saman med høg fellingsprosent, som tydeleggjer rom for å auke kvotane.</p> <p>Det vert vist til måla i bestandsplanane til valdet om å redusere hjortebestanden. Erfaringar frå jakta og tilgjengeleg statistikk frå «Sett hjort», tydar ikkje på bestandsreduksjon, snarare motsett, der skadepresset på innmark fører til store tap for bøndene. <b>For å lukkast med målet om redusert bestand, må difor minstearealet i valdet/området setjast lågare enn i høyningsframlegget.</b></p>
Bolstadfjorden hjortevald	Hjortevaldet støttar høyningsuttalen frå Storfjellet bestandsplanområde.
Faugstad hjortevald	Hjortevaldet støttar framlegget om <b>650 daa i minsteareal</b> for valdet.
Evanger-Vaksdal bestandsplanområde	<p>Hjortevaldet ser positivt på framlegget om å redusere minstearealet, med bakgrunn i følgjande forhold:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>· <b>Bestandsauke over tid, lågare slaktevekter/dårlegare kondisjon, aukande skadepress på innmark og høgt uttak av tildelt kvote.</b></li> </ul> <p>Det vil vere naudyt å auke avskytinga for å nå målet om bestandsreduksjon. <b>Minstearealet i Sone 1 i framlegget bør difor endrast frå 650 til 600 daa, og arealet for Evanger Sør bør setjast ned til 800 daa. I tillegg bør «50%-regelen» nyttast aktivt ved behov, spesielt i Sædalen.</b> Romslege kvotar for nokre vald, kan løysast ved jaktsamarbeid internt.</p>
Kvamme hjortevald	Innsendar sitt inntrykk er at hjortebestanden i området Kvamme, Kåstad og Fyllingslid er veksande, sjølv om uttaket har vore aukande. Gras-produksjon og skogbruk vil vere vanskeleg. <b>Minstearealet i området/valdet (sone 1), bør ikkje verte høgare enn 600 daa.</b>
Evanger Sør hjortevald	Hjortevaldet meiner at minstearealet i valdet/området <b>bør setjast ned til 800 daa, frå 1000 daa i høyningsframlegget.</b> Grunngjevinga er bestandsauke med påfølgjande beiteskadar på innmark.
Sørfjorden hjortevald	Hjortevaldet støttar høyningsframlegget om å setje ned minstearealet i Sone 1, frå 1000 til 650 daa.

## Formelt grunnlag

- Lov om viltet (viltlova).
- Forskrift om forvaltning av hjortevilt (med rettleiar M-478, 2016).

- Temaplan for hjorteforvaltning i Vaksdal kommune, med kommunale mål, 2019 – 2023.

## Vurdering og konsekvensar

Nærast alle høyringssvar tek til orde for eit lågare minsteareal enn i høyringsframlegget. Argumentasjonen er veksande bestand, aukande skadepress på dyrka mark og opp mot 100 % felling dei siste åra. I dette høvet meiner innsendarane at høyringsframlegget ikkje gjev rom for å auke uttaket tilstrekkeleg, som verkemiddel for å stoppe bestandsveksten.

Den største endringa er føreslege for valda i Eksingedalen, på Eidslandet og i Sædalen, med 250 daa som nytt minsteareal. Innspelet er ein reduksjon med 400 daa i høve til høyringsframlegget, og ville ført til ei tildeling av 322 løyve per år til området. Dette utgjer 192 fleire løyve enn kva høyringa går inn for, og 213 fleire løyve enn i dag, noko som representerer ei svært stor endring, sjølv om utfordingane i området er store.

Fastsetjing av minsteareal er det viktigaste verkemiddelet for å regulere bestandsstorleiken. Det er difor viktig å finne rettast mogleg areal i høve til gjeldande målsetjingar og problemstillingar, som for Vaksdal kommune sin del er reduksjon av bestandstettleik og skadepress på innmark.

Statistikk frå «Sett-hjort»-registreringa i kommunen gjev informasjon om bestandsutviklinga over tid. Statistikken viser få teikn til bestandsreduksjon, snarare tvert om. Mellom anna uttrykker parameteret «Sett- hjort per jegerdag i utmark», høg observasjonsgrad og delvis stigande tendens.

*Tabell 1: Sett hjort per jegerdag.*

Område	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Vaksdal kommune	1,0	1,27	1,30	1.05	1,12	1,36
Storfjellet bestandsplanområde	1,31	1.60	1,32	1,33	1,77	1,79
Vaksdal-Evange bestandsplanområde	1,11	1,32	1,25	1,07	1.04	1.08

Observasjonsgraden er endå høgare om vi inkluderer innmark. Den høgaste tettleiken av hjort, med størst endring over tid, finn vi i Storfjellet bestandsplanområde, kor ein også finn dei største utfordingane. Her viser tala aukande bestand, og registreringane på innmark og utmark i 2020 og 2021, viste at det høvesvis vart sett 1,93 og 1,98 hjort per jegerdag. Ideelt sett bør indeksen vere langt lågare. Elles viser den samla utviklinga i kommunen også aukande tettleik/tendens, men ikkje så sterkt som i Storfjellet. Den mest stabile situasjonen finn ein i Vaksdal-Evanger bestandsplanområde, med relativt «sunne» verdiar.

Ut frå «regelen» om at talet på felte dyr under jakta truleg vil utgjere om lag 20-25 % av talet på hjortar før jakta startar (ved stabil bestand), gjev dette uttrykk for at det vil vere mykje dyr igjen i terrenget etter jakt.

På bakgrunn av målet om bestandsreduksjon, innkomne høyringsframlegg og bestandsvurderingane ovanfor, kan det vere grunnlag for å redusere minstearealet meir enn i høyringsframlegget, og å leggje opp til ei vesentleg høgare tildeling. I dette høvet vil det vere viktig å finne rettast mogleg inngang for dei ulike områda, sidan situasjonen vert vurdert som noko ulik. Det vil difor vere tenleg å leggje opp til bruk av fleire minsteareal, sjølv om hovudregelen er eitt minsteareal per kommune, jf. rettleiar til hjorteviltforskrifta § 6.

Det mest naturlege vil vere å leggje opp til den største reduksjonen og det høgaste uttaket i Eksingedalen, på Eidslandet og i Sædalen , med reduksjon frå 650 daa i høyringsframlegget til 400

daa. Dette er likevel eit høgare areal enn kva fleire av høyringssvara går inn for (250 daa).

Når det gjeld dei andre områda i Storfjellet bestandsplanområde, er vurderinga at det ikkje er trong for like sterkt endring/reduksjon, men at det kan vere grunnlag for å nytte eit lågare minsteareal enn 1000 daa (høyringsframlegget). For areal «sentralt» i kommunen (ved Vaksdal, Dale og Stamnes) kan det vere grunnlag for å setje ned minsterarealet frå 650 daa i høyringsframlegget, til 600 daa. Situasjonen i Bergsdalen og i «Evanger Sør» kan gje rom for å redusere arealet frå 1000 daa til 750 daa. I Vaksdal kommune sin del av Osterøy og langs Veafjorden og Eidsfjorden, er inntrykket at 1000 daa, som i høyringsframlegget, vil kunne fungere ut frå bestandssituasjonen og problemstillingane. Men for å unngå for mange minsteareal, er innstillinga å samkøyre desse stadene med områda som har 750 daa som areal.

Kommunedirektøren si innstilling til endelige minsteareal, med endringar, er som følgjer:

Minsteareal	Hjortevald	Teljande areal (daa)	Tal løyve/år	Auke frå høyringsframlegget	Auke frå dagens tildeling
400 daa	Eksingedalen	46 200	116 stk	45 stk	56 stk
(sone 1)	Eikefet/Nese	23 000	57 stk	22 stk	27 stk
	Myster	6 400	16 stk	5 stk	7 stk
	Leiro	1 780	4 stk	1 stk	2 stk
	Eide	6 000	15 stk	6 stk	8 stk
	Sæddalen	5 750	14 stk	3 stk	3 stk
600 daa	Bolstadfjorden	20 900	35 stk	3 stk	5 stk
(sone 2)	Brørvik	3 000	5 stk	1 stk	1 stk
	Stamnesfjellet	14 200	24 stk	2 stk	5 stk
	Kalland	3 200	5 stk	-	-
	Kvamme	10 000	17 stk	2 stk	2 stk
	Faugstad	3 000	5 stk	1 stk	1 stk
	Sørafjellet	35 100	58 stk	4 stk	10 stk
	Jamne/Skreien	3 000	5 stk	0 stk	1 stk
	Vaksdal	3 900	7 stk	1 stk	2 stk
	Sørfjorden	13 010	21 stk	1 stk	6 stk
750 daa	Evanger Vest	16 900	22 stk	2 stk	4 stk
(sone 3)	Øvre Modalen	51 700	69 stk	19 stk	19 stk
	Nedre Modalen	36 100	48 stk	12 stk	36 stk
	Ytre Modalen	23 600	31 stk	8 stk	11 stk
	Blomdal/Hesjedal	8 460	11 stk	3 stk	5 stk
	Dalane/Mellesdalen	14 000	19 stk	5 stk	5 stk
	Indre Osterøy	23 500	31 stk	8 stk	11 stk
	Mo	5 000	6 stk	1 stk	2 stk
	Fosse	4 450	6 stk	2 stk	2 stk
	Bergsdalen	18 000	24 stk	11 stk	6 stk
	Evanger Sør	73 200	97 stk	24 stk	24 stk
SUM			768 stk	192 stk	261 stk

Endleg innstilling til minsteareal gjev 192 fleire løyve enn høyringsframlegget og 261 fleire løyve enn dagens tildeling, inkludert valda i Modalen og Evanger Sør hjortevald og Evanger Vest hjortevald.

Dette er ei vesentleg auke, sjølv om reduksjonen av minstearealet ikkje går så langt ned som

Storfjellet bestandsplanområde og mjølkebøndene i Vaksdal tek til orde for.

Det er vanskeleg å finne minsteareal som passar for alle valda, og kommunen må difor vurdere bruk av «50%-reglen» ved behov. Mellom anna vil det vere aktuelt å nytte den nedover i Sædalen hjortevald. I dette området er det mykje dyr og høgt skadepress, og det kan vere naturleg å dispensere frå minstearealet. Samstundes kan det verte aktuelt å nytte regelen oppover i enkelte vald, for å tilpasse tidelingsarealet med gjeldande situasjon.

Dersom det viser seg at minstearealet vert for lågt i område med mykje dyr og høgt skadepress, sjølv om det no vert sett ned, bør bruk av «50%-regelen» vurderast også her. Samstundes er det naturleg at kommunen oppmodar til jaktsamarbeid i og mellom hjortevald, for å nytte tildelte kvotar best mogleg, og å styre uttaket til problemområde.

Ei utfordring ved å auke kvotane så mykje som innstillinga, er at fellingsprosenten kan gå ned. Dette kan igjen gå ut over kjønns- og aldersfordelinga i jaktuttaket, som gjer at ein ikkje treff målsetjingane i bestandsplanane. Det er difor viktig at jaktrettshavarane og jegerane har god kontroll med uttaket under vegs i jakta, slik at ein kan justere avskytinga i høve til måla.

## Tankar om hjorteforvaltning i Vaksdal kommune

Hjorteviltforskrifta.

**«Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.»**

Vårt utgangspunkt som bønder ligg spesielt i denne delen: **Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.**

### Gjerde.

Når det er blitt slik at me må gjerde ute hjorten frå innmark er det eit teikn på at hjortestammen er blitt for stor. På inngjerda område på Lavik har avlingane auka frå 3 rundballe pr. dekar til 6 rundballar pr. dekar med same innsatsfaktorar. Dette viser kor mykje hjorten gjer innhogg i bonden sin økonomi. Hjorten har gått frå å vera ein utmarksressurs til å verta eit innmarksproblem.

Minkande slaktevekter viser også at stammen er blitt for stor. Me har ikkje lenger ei sterke og levetakta hjortestamme.

Å gjerde inn innmark løyser heller ikkje problemet med at det er for mange hjort. De er berre auka avskyting som løyser dette

### Livskraftig.

Både jegrar og bønder ynskjer ei livskraftig hjortestamme, men forskjellen er at bøndene har økonomiske tap av at hjorten beitar innmark. Det har ikkje dei som berre har interesse av jakta. Problemet er det same om me bur i Bergsdalen, i Søndalen, Modalen eller Eksingedalen.

### Krafttak.

For å bøte på dette er det ikkje nok å redusere litt og litt på areal pr. fellingsløyve. Då vil hjortestamma halda fram med å auke. Det må takast i så det monar, ein må setje areal pr. løyve til 250 dekar. Andre område som det er naturleg å samanlikne seg med har hatt dette arealkravet i 20 år allereie. Det er på høg tid at Vaksdal kommune også tek dette verkemiddelet i bruk. Dette må gjelda heilt til hjortestamma har ein størrelse etter den nasjonale målsetjinga. Deretter er det råd å auke arealkravet dersom det skulle vera nødvendig.

### **Teljing.**

Me tilbyr oss å vera med på teljing av hjort, dokumentert med bilde der det er råd. Me som bur på gardane her ein unik tilgang på å kunne dokumentera dyr på innmark. Og å gjera dette på ulike tider av året. Slik det er no har me ei kjensle av å ikkje bli truidd når me fortel om problemet.

### **Jaktstart.**

Vanleg tidspunkt for start av hjortejakta er 1. september. Kommunar som grensar inn mot villreinområde har fått starta jakta tidlegare. Spesielt for øvre Eksingedalen er det viktig å få starta jakta tidlegare enn no. Den 15. august er ein høveleg dato. Me grensar inn mot eit villreinområde, og det skal vera eit godt nok argument for å få dette til. Ei utviding av jakta til midten av januar er også ynskjeleg for ei effektiv redusering av hjortestamma. Det vil også gi ein høg fellingsprosent. Så kan me kanskje unngå å måtte søkje om skadefelling og spare både oss og kommunen for tid.

### **Tap.**

Det er gjort forsøk på kor mykje skade hjorten gjer på innmark. Dette er berekna til opp mot kr. 1000,- pr. dekar (tal frå Norsk Landbruksrådgiving). Det betyr at dersom ein bonde har mykje hjort på 100 dekar av garden sin utgjer dette eit tap på kr. 100.000,- årleg. Me som er bønder ser på desse utgiftene som ein ekstraskatt. Ikkje akkurat det me treng i ein frå før pressa økonomisk situasjon.

### **Konklusjon.**

Det er auka avskyting med eit arealkrav på 250 dekar pr. dyr som er nødvendig for å redusere hjortestamma. Dyr som beitar på innmark må jaktast på utan å måtta ta hensyn til alder og kjønn i den perioden stamma skal reduserast. Desse dyra gjer skade same kva kategori dei hører til. For hjort som har fått smaken på godt dyrka gras vil velja dette som mat.

Helsing mjølkeprodusentar i Vaksdal kommune.

Olav og Anita Gullbrå

Raymond Olav Reite

Annika N. og Odd Inge Brønstad

Haldis B. og Gaute Øvstedal

Gøril K. og Lars Bjarte Nesheim

Dan Børge Høvik

Einar Trefall og Sunniva Sjurstrøm

Håkon Tyssen

Olaug og Helge Terje Fosse

Sofrid U. og Magnar Nese

## **HØYRINGS SVAR FRÅ EKSINGEDELEN OG VAKSDAL BONDELAG:**

### **FRAMLEGG TIL NY FORSKRIFT OM ENDRING AV MINSTEAREAL FOR JAKT PÅ HJORT I VAKSDAL KOMMUNE**

#### Vår mening:

E/V Bondelag meiner at framlegg om 650 daa i minste areal i sone 1 er ikkje foreneleg med mål om redusert bestand eller det å ta omsyn til jordbruket.

E/V Bondelag ønsker at dei mest pressa områda og mest aktive jordbruksområda settes i ei eiga sone, med minsteareal på 250 daa. Området me sikter til er Sædalen og Eksingedalen. Her må ein prioritere jordbruksnæringa foran ei stor hjorte bestand.

#### Dagen situasjon sett frå E/V Bondelag stå sted:

Hjortebestanden har auka jevnt dei siste 30 åra. Det på tross av auka tildeling av fellingsløyve.

Viss ein ser på SSB statestikk over felte dyr i Hordaland ser ein ei nesten dobling frå 2000 – 2020. Det same ser ein i felte dyr i Vaksdal kommune i same tidsrommet. I heile denne perioden har det vært ei auke i bestanden.

Kostnaden med denne bestanden ligg på dei som driv jorda. Dei siste 20 åra har dermed kostnaden med bestanden auka og samtidig har antall bønder som deler den kostnaden blitt redusert. Dermed sitter i dag eit få tall bønder igjen med ein urimeleg kostnad per bonde.

Situasjonen i jordbruket i dag er kritisk. Den store auka i kostnader på fleire innsats poster(gjødning, kraftfor, straum, plast, drivstoff) gjer at mange ikkje veit om det er noko framtid innan jordbruket. Kommunen kan ikkje gjøre mykje med dette, men hjorte bestanden kan Vaksdal kommune gjøre noko med. Dette er ein stor kostnadspost

For meir bakgrunnsinformasjon refererer ein her til vedlagt skriv frå melkeprodusenter i Vaksdal kommune.

#### E/V Bondelag begrunnelse for forslag:

Hjorte bestanden bør tas tilbake til år 2000 nivå. Me ønsker 250 daa over ein 3 års periode i Eksingedalen og Sædalen for raskt å redusere bestanden. Dermed også raskt gi ein positiv effekt for jordbruks næringa. 650 daa vil ikkje gjøre dette og me setter oss tvilande til om det vil gi noko reduksjon. Som eksempel kan nevnes at vald Eikefet/Nese vil med 650 daa gå frå 30 dyr til 35 dyr. I valdet er det 325 dekar rein slåtte mark. 5 ekstra dyr vil ha ingen effekt her.

Me ser for oss ei 3 deling:

- SONE 1: 650 daa for teljande hjorteareal i Vaksdal kommune, unrateke areal i sone 2 og 3.
- ***SONE 2: 250 daa for teljande hjorteareal i Eksingedalen og Sædalen***
- SONE 3: 1000 daa for teljande hjorteareal på Vaksdal sin del av Osterøy, unrateke Faugstad, i Dalane og Mellesdalen og i Bergsdalen (Fosse-Rødland).

Mvh: Styret i E/V Bondelag

**Fra:** Ivar Bergo <ivar@unimicro.no>  
**Sendt:** fredag 8. april 2022 18:33  
**Til:** Postmottak Vaksdal  
**Kopi:** Tore Henrik Øye  
**Emne:** Høyringssvar framlegg til ny forskrift om endring av minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommune

Viser til utsendt høyring.

Målet med bestandsplanane Eksingedalen Hjortevald har utarbeidd dei siste 15 åra, har vore redusert bestand, med høgt uttak av kalv, ungdyr og produktive koller. Kvotane har auka, samstundes som fellingsprosenten har vore opp mot 100% kvart år. Bestanden av hjort ser imidlertid ikkje ut til å reduserast, snarare tvert imot. Innsamla statistikk, i lag med jegrar og grunneigarar sine observasjonar underbygger dette. Bønder i området lid årleg store tap på grunn av hjort på innmarka.

Minstearealet som det er lagt opp til i utsendt høyring, der valdet vil vera i sona der 650 dekar vert gjeldande, bør settast lågare dersom ein skal lukkast med å få redusert bestanden i området.

Med helsing  
Ivar Bergo  
Leiar Eksingedalen Hjortevald.

VAKSDAL KOMMUNE  
Konsul Jebsensgata 16  
5722 DALEKVAM

**Avdeling for  
Innovasjon og næringsutvikling (INN)**

Dato	08.04.2022
Vår referanse	2022/43900-2
Dykkar referanse	22/73 - 22/3010
Sakshandsamar	Jomar Ragnhildstveit
E-post	Jomar.Ragnhildstveit@vlfk.no
Telefon	97666576

## **Innspel ved høyring på endring av minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommune**

Viser til høyringsbrev datert 16.03.2022.

Vestland fylkeskommune har vurdert høyringsframlegget ut frå hovudansvaret på regionalt nivå for forvaltinga av haustbare, ikkje truga viltarter, blant anna hjort. Fylkeskommunen skal blant anna gje kommunar bistand, råd og rettleiing i saker om forvalting av haustbare viltressursar.

Etter Hjorteviltforskrifta (§ 1) skal forvaltinga sikre bestandsstorleikar som fører til at hjortevilt ikkje forårsakar uakseptable skadar og ulemper på andre samfunnsinteresser. Etter viltlova (§ 1) skal viltet forvaltast i samsvar med naturmangfaldlova, og kan innanfor den ramma haustast til gode for landbruksnæring og friluftsliv.

Fastsetjing av minsteareal er det viktigaste verkemiddelet i reguleringa av storleiken på hjortebestanden. Det er berre fem år sidan kommunen reduserte minstearealet frå 1500 til 1000 dekar. I kommunen sin temaplan for hjorteforvalting (2019–2023) er det mål om bestandsreduksjon, mens alt tyder på at det har vore bestandsvekst så langt i perioden.

### **Vurdering**

*Saksvurderinga i høyringsframlegget er grundig og god. Det er føreslått eit differensiert minsteareal på 650 og 1000 dekar, noko som synest å vere ei god tilpassing, under føresetnaden i saksvurderinga om å bruke fråviksregelen aktivt.*

Det er bra at kommunen, i følgje saksvurderinga, har stor merksemd på hjorteskadar på innmark. Det står at mange gardbrukarar opplever skadepresset som stort/aukande, grunna høg/veksande bestand, og at jordbruksareala i Eksingedalen, Bergsdalen og Sædalen er mest utsett. Fylkeskommunen har også blitt kontakta av ein bonde i Eksingedalen om dette, (etter at saka kom på høyring).

Det er ei kjent utfordring i hjortefylket at hjort søker til innmark med godt gras, slik tilfellet typisk er på aktivt drivne bruk, særleg på mjølkebruk. Der kan det bli uakseptabel stor beiteskade og tilhøyrande avlingstap for bøndene. Dette kan skje sjølv om minstearealet er sett lågt nok, dersom det ikkje vert jakta nok, spesielt på uttak av «bøtjuvar». Mange stader oppnår ikkje aktive bønder nok forståing i valdet for å ta ut mest hjort der det er tettast med hjort og der den gjer mest skade. Kommunen må søkje å finne løysingar på dette, for at det skal vere lønsamt å drive jordbruk. Mange kommunar har sett minstearealet ekstra lågt, mot at fellingsprosenten då gjerne går noko ned. I Vaksdal har fellingsprosenten dei siste to åra vore på 90 og 92, mot under 80 for heile fylket. Slik situasjonen er i Vaksdal, kan nok minstearealet i dei aktuelle jordbruksområda setjast noko lågare (500–600 daa), for å ta godt i denne gongen, spesielt då avskytinga stort sett skjer etter godkjent bestandsplan med nærmere spesifisert kjønns- og aldersfordeling i avskytingsplanen.

For Eksingedalen vald, som eit døme, viser tal i Hjorteviltregisteret at tal fellingsløyve dei tre siste åra har vore på 60 hjortar, tilsvarende eit minsteareal på 770 daa. Fellingsprosenten dei tre åra var på 90, 88 og 103. Jakta har altså blitt godt utnytta i valdet, og uttaket ville truleg vore endå høgare om det var gitt fleire fellingsløyve. Tal fellingsløyve i Eksingedalen vald, skal elles vere fastsett i den kommunegodkjente bestandsplanen for Storfjellet bestandsplanområde.

I tabell 2 og 3 i kommunen si saksvurdering, er det blant ann vist tildelingsareal og fellingsprosent for dei fem valda i Modalen og Voss som inngår i bestandsplanområde der minsteareal i Vaksdal skal gjelde. Det er ikkje føreslått endring i minstearealet for desse valda, men tilpassing av fellingskvote ved fråvik frå minstearealet etter behov. Ut frå fellingsprosenten kunne det vore tildelt nokre fleire fellingsløyve i desse valda. Voss herad fekk i 2021 oppmoding frå Miljødirektoratet og Mattilsynet om å redusere hjortebestanden, som tiltak for å hindre mogeleg spreiing av skrantesjuke. Det kan då vere aktuelt med større fellingskvote til dei to valda i Voss, om det kjem innspel på dette under høyringa.

Ved fastsetjing av minsteareal, krevst det strengt tatt konkrete vurderingar også etter naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7. I Vaksdal synest kunnskapsgrunnlaget (§ 8) for å gjere vedtak i saka å vere godt nok. Også grunna reduserte slaktevekter på hjort dei seinare åra, og aukande beiteskade i skog, er det viktig at det vert bestandsreduksjon framover. Kunnskapsgrunnlaget om slaktevekter på hjort i kommunen bør bli betre, ved å registrere nøyaktige, vegde slaktevekter på dei fleste hjortane som vert felt under jakta. Under bestandsreduksjon er det viktig at kommunen følger nøye med på bestandsutviklinga, spesielt at det er rikeleg med eldre dyr i bestanden, og at indeksen sett kolle per bukk helst held seg under 1,5.

Med helsing

**Jomar Ragnhildstveit**  
seniorrådgjevar  
INN - Naturressursar, landbruk og reiseliv

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Vaksdal Kommune  
Konsul Jebsensgt. 16  
5722 Dalekvam

Modalen 07.04.2022

### Storfjellet Bestandsplanområde

Innspel til framlegg om forskrift og endring av minsteareal for hjort i Vaksdal Kommune.

Årsmøte i Storefjell Bestandsplanområde avgjorde att:

Bestandsplanområde bør splittast opp i 3 ulike soner:


- Sone 1: Eksingedalen, Eikefet/Nese, Myster, Eide og Leiro til 250 daa pr løyve.
- Sone 2: Stamnes, Bolstadfjorden og Evanger vest til 500 daa pr løyve.
- Sone 3: Modalen til 700 daa pr løyve.

Grunnen til endringa på arealet pr løyve er att det framleis er mykje hjort spesielt i område Eksingedalen til Myster, og at det no må gjerast eit kraftig tak for å få dyretalet ned. Slik det er no går det utover dei som driv jordbruk, og her er heller ikkje langt til områda med skrantesyke på rein, det er da viktig å være på forskudd om sjukdommen eventuelt kjem. Det har og vært høgt uttak av dyr under jakta mellom 80% til 95% av tildelte løyve.

Småe kalva bør takast ut som skrapdyr, og ikkje rekna med i årlig tildelt kvote.

Storefjellet Bestandsplanområde  
Styreleiar

Terje Øvre Helland



Stamnes 07.04. 2022

Vaksdal Kommune Samfunnsutvikling.

**Offentleg høyring : Framlegg til ny forskrift om endring av minsteareal for jakt på Hjort i Vaksdal kommune.**

Sjølv om fellingskvoten har vorte auka dei siste åra har hjortestamma berre fortsetja å auka i det området som eg best kjenner Kvamme. Kåstad og Fyllingslid. Det er bra med ei god og sunn hjortestamme men den må ikkje verta større enn no. Grunnen til at eg meinar det er: Dersom me på Kvamme skulle驱iva med grasproduksjon ville dette vera vanskeleg grunna nedbeiting. Furuskogen får ikkje fornøya seg fordi nye skudd vert beita vekk vinter/vår, det same skjer med blåbærriiset. Eg meinar at minstearealet i sone 1 må overstige 600 da.

Med helsing

Ola Kvamme

Kvamme 10 5727 Stamnes

**Fra:** Jan Rasdal <jan@rasdalmaskin.no>  
**Sendt:** onsdag 6. april 2022 21:26  
**Til:** Tore Henrik Øye  
**Kopi:** Jørn Helle; madsstavrum@gmail.com  
**Emne:** VS: Høyring - minsteareal

Til Tore Henrik Øye.

Innspel til høyringfristen minsteareal:

Evanger sør hjorteviltvald søker om å få endra minstearealet fra 1000 daa til 800 daa.  
Dette på grunn av auke i hjortestamma med påfyljande beiteskader på innmark.

For Evanger sør hjorteviltvald  
Jan Rasdal

---

**Fra:** Tore Henrik Øye <[tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no](mailto:tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no)>  
**Sendt:** onsdag 6. april 2022 06.20  
**Til:** 'har\_tron@yahoo.no' <[har\\_tron@yahoo.no](mailto:har_tron@yahoo.no)>; 'joehelle@online.no' ([joehelle@online.no](mailto:joehelle@online.no))  
<[joehelle@online.no](mailto:joehelle@online.no)>; Bjørg Fosse ([bjoerfos@online.no](mailto:bjoerfos@online.no)) <[bjoerfos@online.no](mailto:bjoerfos@online.no)>; 'dagbrekke@gmail.com'  
<[dagbrekke@gmail.com](mailto:dagbrekke@gmail.com)>; Jan Rasdal <[jan@rasdalmaskin.no](mailto:jan@rasdalmaskin.no)>; Terje Øvre Helland  
<[terjeovrehelland@gmail.com](mailto:terjeovrehelland@gmail.com)>; 'svein.vassdal@hotmail.com' <[svein.vassdal@hotmail.com](mailto:svein.vassdal@hotmail.com)>; Arild  
Stamnes <[Arild@Dalefabrikker.no](mailto:Arild@Dalefabrikker.no)>; 'kvammeo@online.no' <[kvammeo@online.no](mailto:kvammeo@online.no)>;  
[asconab@gmail.com](mailto:asconab@gmail.com); [khkuls@gmail.com](mailto:khkuls@gmail.com); 'geir.gammersvik@c2i.net' <[geir.gammersvik@c2i.net](mailto:geir.gammersvik@c2i.net)>;  
[post@heimalagamat.no](mailto:post@heimalagamat.no); Ivar Rødland Bergo <[ivar@unimicro.no](mailto:ivar@unimicro.no)>; 'audun.eidsnes@gmail.com'  
<[audun.eidsnes@gmail.com](mailto:audun.eidsnes@gmail.com)>; 'post@per-bjorvik.no' <[post@per-bjorvik.no](mailto:post@per-bjorvik.no)>;  
[asbjorntunes207@gmail.com](mailto:asbjorntunes207@gmail.com); 'christine69@hotmail.no' <[christine69@hotmail.no](mailto:christine69@hotmail.no)>;  
'christine69@hotmail.no' <[christine69@hotmail.no](mailto:christine69@hotmail.no)>; 'ivar.langhelle@gmail.com'  
<[ivar.langhelle@gmail.com](mailto:ivar.langhelle@gmail.com)>; Erik Nilsen Vaksdal <[Erik@naboen.no](mailto:Erik@naboen.no)>; Ketil Faugstad  
<[ketil.faugstad@rocketmail.com](mailto:ketil.faugstad@rocketmail.com)>; 'rolfsimmenes@yahoo.no' <[rolfsimmenes@yahoo.no](mailto:rolfsimmenes@yahoo.no)>;  
'harsimm@online.no' <[harsimm@online.no](mailto:harsimm@online.no)>  
**Emne:** Høyring - minsteareal

He.

Vil berre minne om høyringsfristen, som er 8. april.

Det vert oppmoda til å sende inn skriftleg uttale om de har meingar om framleggget.

Vennleg helsing  
Tore Henrik Øye  
Rådgjevar landbruk  
91 12 73 37  
[tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no](mailto:tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no)  
<http://vaksdal.kommune.no>



VAKSDAL KOMMUNE

*Inngående og utgåande e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.*

**Fra:** Svein Magne vassdal <svein.vassdal@hotmail.com>  
**Sendt:** torsdag 7. april 2022 10:06  
**Til:** Tore Henrik Øye  
**Emne:** Sv: Høyring - minsteareal

Hei Tore Henrik Øye.

Takk for meldinga. Eg har i dag nevnt det for grunneierne på Faugstad. for deiras del er det heilt i orden om minstearealet går ned til 650 da. og utløyser 4 eller 5 løyper. Faugstad har hatt 3 ordinere dyr og har pleid å söke om 1 ekstra etter 50% regelen. med det nye minste arealet slepp ein å söke om ekstra dyr.

Helsing.

Svein Magne Vassdal

---

**Fra:** Tore Henrik Øye <[tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no](mailto:tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no)>  
**Sendt:** onsdag 6. april 2022 06:20  
**Til:** 'har\_tron@yahoo.no' <[har\\_tron@yahoo.no](mailto:har_tron@yahoo.no)>; 'joehelle@online.no' ([joehelle@online.no](mailto:joehelle@online.no))  
<[joehelle@online.no](mailto:joehelle@online.no)>; Bjørg Fosse ([bjoerfos@online.no](mailto:bjoerfos@online.no)) <[bjoerfos@online.no](mailto:bjoerfos@online.no)>; 'dagbrekke@gmail.com'  
<[dagbrekke@gmail.com](mailto:dagbrekke@gmail.com)>; 'jan@rasdalmaskin.no' <[jan@rasdalmaskin.no](mailto:jan@rasdalmaskin.no)>; Terje Øvre Helland  
<[terjeovrehelland@gmail.com](mailto:terjeovrehelland@gmail.com)>; 'svein.vassdal@hotmail.com' <[svein.vassdal@hotmail.com](mailto:svein.vassdal@hotmail.com)>; Arild  
Stamnes <[Arild@Dalefabrikker.no](mailto:Arild@Dalefabrikker.no)>; 'kvammeo@online.no' <[kvammeo@online.no](mailto:kvammeo@online.no)>;  
[asconab@gmail.com](mailto:asconab@gmail.com) <[asconab@gmail.com](mailto:asconab@gmail.com)>; [khkuls@gmail.com](mailto:khkuls@gmail.com) <[khkuls@gmail.com](mailto:khkuls@gmail.com)>;  
'geir.gammersvik@c2i.net' <[geir.gammersvik@c2i.net](mailto:geir.gammersvik@c2i.net)>; [post@heimalagamat.no](mailto:post@heimalagamat.no)  
<[post@heimalagamat.no](mailto:post@heimalagamat.no)>; Ivar Rødland Bergo <[ivar@unimicro.no](mailto:ivar@unimicro.no)>; 'audun.eidsnes@gmail.com'  
<[audun.eidsnes@gmail.com](mailto:audun.eidsnes@gmail.com)>; 'post@per-bjorvik.no' <[post@per-bjorvik.no](mailto:post@per-bjorvik.no)>;  
[asbjorntunes207@gmail.com](mailto:asbjorntunes207@gmail.com) <[asbjorntunes207@gmail.com](mailto:asbjorntunes207@gmail.com)>; 'christine69@hotmail.no'  
<[christine69@hotmail.no](mailto:christine69@hotmail.no)>; 'christine69@hotmail.no' <[christine69@hotmail.no](mailto:christine69@hotmail.no)>;  
'ivar.langhelle@gmail.com' <[ivar.langhelle@gmail.com](mailto:ivar.langhelle@gmail.com)>; Erik Nilsen Vaksdal <[Erik@naboen.no](mailto:Erik@naboen.no)>; Ketil  
Faugstad <[ketil.faugstad@rocketmail.com](mailto:ketil.faugstad@rocketmail.com)>; 'rolfsimmenes@yahoo.no' <[rolfsimmenes@yahoo.no](mailto:rolfsimmenes@yahoo.no)>;  
'harsimm@online.no' <[harsimm@online.no](mailto:harsimm@online.no)>  
**Emne:** Høyring - minsteareal

He.

Vil berre minne om høyringsfristen, som er 8. april.

Det vert oppmoda til å sende inn skriftleg uttale om de har meingar om framlegget.

Vennleg helsing

Tore Henrik Øye

Rådgjevar landbruk

91 12 73 37

[tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no](mailto:tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no)

<http://vaksdal.kommune.no>



VAKSDAL KOMMUNE

*Inngående og utgåande e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.*

**Fra:** Asbjørn Tunes <asbjorntunes207@gmail.com>  
**Sendt:** torsdag 7. april 2022 10:53  
**Til:** Tore Henrik Øye  
**Kopi:** Kåre Olav Aldal  
**Emne:** Høyring - Minsteareal

Viser til utsendt dokument frå Vaksdal kommune med framlegg til ny forskrift om endring av minsteareal for jakt på hjort.

Bolstadfjorden Hjortevald var representert på årsmøte i Storfjell Bestandplanområde 2022, der framlegg til ny forskrift vart diskutert.

Eit samstemt årsmøte var enige om å senda inn forslag til endring av minsteareal.

Bolstadfjorden Hjortevald vil bekrefa at vi stiller oss bak forslaget.

Vennlig helsing

Bolstadfjorden Hjortevald

Asbjørn Tunes

Leiar

Sendt fra min iPhone